NOREGS UNGDOMSLAG

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2017



*Levande lokalkultur*

ÅRSMELDING 2017

Noregs Ungdomslag (NU) vart skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med over 13 000 medlemmar i 400 lag over heile landet.
Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

FRAMSIDEFOTO: Lukasz Zamaro, Innspeling av Folkepedia-filmar, BUL Oslo.
FOTO: Om ikkje anna er oppgitt er foto teke av tilsette på NU-kontoret.

KONTAKTINFORMASJON:
Telefon: 24 14 11 10
E-post: post@ungdomslag.no

PÅ VERDSVEVEN:
www.ungdomslag.no
www.facebook.com/noregsungdomslag
www.instagram.com/ungdomslag
www.twitter.com/ungdomslag
#levandelokalkultur

DESIGN:
Merete Dagsgard, Løwehjerte

TRYKK:
07 Gruppen

MILJØMERKET TRYKKERI
07 MEDIA – 2041 0379

# INNHALD

| | | |
|---|---|---|
| | **Føreord frå styret** | **3** |
| **1** | **Arbeid i perioden** | **4** |
| **2** | **Organisasjonsstrukturen** | **8** |
| | Medlemene | 8 |
| | Lokallaga | 12 |
| | Fylkeslaga | 13 |
| **3** | **Ungdomshus og lagsbruk** | **14** |
| | NU Kulturformidling | 15 |
| | Digital husdatabase | 15 |
| | Dokumentasjon av lagsbruka | 15 |
| | Huset i Bygda | 15 |
| **4** | **Opplæringsarbeidet** | **16** |
| | Verktøy for laga sitt opplæringsarbeid | 17 |
| | Nasjonal instruktøropplæring | 18 |
| | Opplæringstiltak i samarbeid med andre organisasjonar | 19 |
| | Tilskot til opplæring | 20 |
| **5** | **Møtestader** | **23** |
| | Sommarleiren | 23 |
| | Barnlek | 23 |
| | Kven Veit? og Junior Kven Veit? | 23 |
| **6** | **Informasjonsarbeid og interessepolitikk** | **24** |
| | Informasjonsarbeid | 24 |
| | Interessepolitikk | 24 |
| | Medieoppslag | 25 |
| **7** | **Styringsstrukturen** | **26** |
| | Landsmøtet | 26 |
| | Landsrådet | 28 |
| | Heidersmedlemer | 28 |
| | Styret | 28 |
| | Valnemnd | 29 |
| | Utval nedsett av styret | 29 |
| **8** | **Administrasjonen** | **32** |
| | Generalsekretæren | 32 |
| | Andre tilsette | 32 |
| | Anna arbeidsgjevaransvar | 32 |
| | Drift av kontoret | 32 |
| **9** | **Samarbeidsorganisasjonar og fond** | **33** |
| | Samarbeidsorganisasjonar | 33 |
| | Fonda | 35 |
| **10** | **Representasjon og eksterne møter** | **38** |
| | Faste representasjonar/oppnemningar | 39 |
| | Eksterne møte/representasjon | 40 |
| **11** | **Tilskot og økonomi** | **44** |
| | Driftstilskot | 44 |
| | Prosjektilskot | 44 |
| | Tilskot til laga utbetalt av sentralleddet | 45 |
| **12** | **Rekneskap** | **47** |



# FØREORD

Det har vore eit godt og aktivt år for Noregs Ungdomsalg. Sommarleiren er ei stor og viktig satsing, og det blei ei strålande veke på Fana folkehøgskule i sommar. Instruktørkursa i dans og teater har vore gjennomført, og fleire har vore fullteikna. Stor takk til alle som deltok både med gjennomføring og som deltakarar. Dette gir oss trua på at vi er på rett veg.

Vi treng møteplassar der vi kan formidle kunnskap, utveksle erfaringar og der aktive medlemmer kan vekse og utvikle seg. Dette gir gode vekstvilkår for nye ideologar, tillitsvalde og instruktørar lokalt.

Levande lokalkultur er visjonen vår, og heilt avgjerande for å få det til eit engasjerte og dyktige eldsjeler og instruktørar. NU har eit særleg ansvar for dette på fagfelta folkedans, teater og bunad. Men lokallaga er like samansett og mangfaldige som dei alltid har vore.

På Landsmøtet i 2017 vedtok vi nytt prinsipprogram. Der står det at organisasjonen vår er tufta på eit frilyndt grunnsyn. Målet er å skape gode og samfunnsengasjerte menneske som tek del i arbeidet med å skape gode møteplasser, aktivitet og levande lokalkultur. Dette arbeidet er like viktig om det er dugnad, ungdomsklubb, bygdekino, Kven Veit? kveldar eller kurs i arabiske mattradisjonar.

**Tida som blir lagt ned i førebuing og gjennomføring, alle ideane og alt engasjementet, det er det som er Noregs Ungdomslag.**

NU har hatt ei viktig og sentral rolle i eit større arbeid med å utvikle og betre rammevilkåra for dei frivillige kulturorganisasjonane. Vi har vore med å starte Kulturalliansen og Teateralliansen, og vi er aktive medlemsorganisasjonar i Studieforbundet kultur og tradisjon og Frivillighet Norge. Dette arbeidet heng tett saman med det som skjer ute i lokallaga.

Det handlar om å skape ei forståing for frivillige lag si rolle i samfunnet og for viktigheita av gode rammevilkår for å drive laga.



*NU-styret (f.v) Endre Strømsjordet Myhre (1. vara), Terje Svindseth (organisatorisk nestleiar), Marit Nerås Krogsæter (politisk nestleiar), Morten Nilsen, Kevin André Kuntze Theigmann, Mette Vårdal (styreleiar), Torbjørn Bergwitz Lauen, Marie Nicolaisen (3. vara) og Tone Mjelde. Stian Johannesen ( 2. vara) var ikkje til stades då bilete vart teke.*

Dei siste åra har vi gjennomført ei besøksrunde der alle fylke har blitt besøkt, og alle lokallaga i NU har fått tilbod om besøk. Gjennom desse møta har vi møtt representantar frå 141 av lokallaga våre. Dette kostar både tid og ressursar, men har vore svært nyttig.

Lokallaga og medlemmene er Noregs Ungdomslag. Og når det lokale arbeidet og dei ulike lokalsamfunna og laga er så ulike, treng vi å møtast på deira heimebane.

*Fevik, 4. februar 2018*
*Styret i Noregs Ungdomslag*

# ARBEID I PERIODEN

Landsmøtet i 2014 vedtok ein langtidsplan for perioden 2014–2018 med fem overordna strategiar, og ein nærare omtale av utfordringane knytt til desse strategiane. I tillegg har landsmøtet vedteke arbeidsprogram med mål for perioden 2014–2016 og 2017–2018. I denne første delen av årsmeldinga rapporterer styret på kva tiltak som er gjennomført i 2017 for å nærme oss måla i arbeidsplanen.

## Langtidsplanstrategi 1: Styrke den lokale aktiviteten

Noregs Ungdomslag er tufta på lokal aktivitet. Ei styrking av denne aktiviteten vil styrke Noregs Ungdomslag som organisasjon. Ein kvar organisasjon i utvikling må ha ei målsetjing om auke eller vekst for å vere levekraftig.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2017 |
|---|---|
| Etablere instruktørkursa som eitt attraktiv opplæringstilbod, slik at laga får fleire og meir skolerte instruktørar. | Den nye instruktørkursmodellen har så langt treft bra. Det er arrangert kurs på ulike stader i landet, med relativt god oppslutnad (sjå meir under kapittel 4). Alle lag med teateraktivitet har på førehand fått gitt tilbakemelding om kva tema ein ønskjer for evt. kurs i sin region, og dette vil vi innføre som ein fast årleg metode for å kartlegge behov på både dans og teater. |
| Gjesteinstruktørordninga skal vere kjent for fleire lokallag, slik at dei kan få instruktørar heim til laget. | Nokre fleire lag har nytta seg av denne. Dette kan henge saman med at ordninga har blitt aktivt profilert på lokallagsbesøka |
| Folkepedia skal vere etablert som ein ressurs for den lokale aktiviteten. | Folkepedia.no blir stadig meir kjent, etter kvart som vi har produsert filmar i ulike område. |
| Huset i Bygda skal utvidast med prosjektleiarstillingar i fleire fylke. | Sommarleiren har vore ei svært viktig satsing for styret, og ein la mykje ressursar i å få gjennomført denne i 2017, til svært rimelege deltakarprisar. Styret har drøfta Prosjektfinansieringa av Huset til bygda krev som regel at NU og/eller fylkeslaget må stille med minimum 50% eigenfinanisering. Dette gjer at styret ikkje ser det som føremålstenleg å ha meir enn eitt prosjektfylke om gongen, for å minimere den økonomiske risikoen. Huset i Bygda har i dag prosjektleiarstilliing i Møre og Romsdal, der NU er prosjekteigar. I tillegg er det tilsett ein person i fast stilling i Sogn og Fjordane, i regi av fylkeslaget der. mange spørsmål om korleis leiren kan utviklast på ein best mogleg måte, alt frå aldersgrenser til om leiren skal leggast på ein fast plass kvart år. |
| NU kulturformidling og Huset i Bygda skal vere etablert som ein nasjonal ressursbank for lag med eigne hus. | NU lukkast med å motta prosjektmidlar til å setje i gang hovudprosjektet for NU kulturformidling i perioden 2018-2020. NU koordinerer arbeidet med Huset i Bygda, ved å sørge for halvårlege møte mellom prosjektleiarane, slik at ein er sikra ei nasjonal samordning. |

*Langtidsprogrammet sitt overordna mål:
Sikre Noregs Ungdomslag sin posisjon som
ein organisasjon for lokalkultur og levande lokalmiljø.*

## Langtidsplanstrategi 2: Styrke nettverket mellom ungdomslaga på lokalt, regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.

Ungdomslaga sitt arbeid tek utgangspunkt i det lokale særpreget for sitt miljø og sine behov. Det vil vere viktig for organisasjonsbygginga at laga opplever eit fellesskap på tvers av geografiske og faglege linjer. Fylkeslaga må ha ei viktigare rolle i dette arbeidet.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2017 |
|---|---|
| Alle lokallaga skal ha fått tilbod om besøk frå *sentralleddet og fylkeslaget*. | Alle lag har fått tilbod om besøk. |
| Bruke besøksrunden som eit verktøy for å avklare laga sine behov for dei fylkeslaga som ikkje fungerer optimalt. | Dette arbeidet har vist seg vanskeleg å gjennomføre. NU har i eitt tilfelle forsøkt å ta initiativ til å gjennomføre eit årsmøte i eit ikkje-fungerande fylkeslag, men manglande oppslutnad lokalt gjer dette vanskeleg. |
| Bruke besøksrunden som eit verktøy for å auke samarbeidet og informasjonsutvekslinga mellom lokallaga, og mellom lokallaga og fylkeslaget. | Dette er bevisst arbeidd med, men resultata vil evt. vise etter kvart. |
| Sommarleiren skal vere den viktigaste sentrale tilskipinga og skal prioriterast høgt i arbeidsperioden. Sommarleiren skal vere ein attraktiv møtestad for ungdomsmedlemmene, og nærme seg ei langsiktig målsetjing om 220 deltakarar i 2020. | Sommarleiren har vore ei svært viktig satsing for styret, og ein la mykje ressursar i å få gjennomført denne i 2017, til svært rimelege deltakarprisar. Styret har drøfta mange spørsmål om korleis leiren kan utviklast på ein best mogleg måte, alt frå aldersgrenser til om leiren skal leggast på ein fast plass kvart år. |
| Nordlek skal vere ein attraktiv møtestad for folkedansgrupper og -lag. | Det er ikkje gjennomført Nordlek-stemne i 2017, men førebuingane *til 2018-stemnet* er starta. |

## Langtidsplanstrategi 3: Auke opplæringsaktiviteten

Vaksenopplæringsforbundet har satt eit mål om at tal deltakarar på kurs skal doblast i perioden 2012-2017. Dette må NU følgje opp med klare målsetjingar for opplæringsarbeidet på alle plan i organisasjonen. Styrka opplæring vil føre til auka aktivitet og ein meir levande lokalkultur.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2017 |
|---|---|
| Gjesteinstruktørordninga skal profesjonaliserast og profilerast, og knyta til seg fleire instruktørar. | Det har ikkje vore arbeidd konkret med dette i 2017. |
| Gjennomføra fire instruktørkurs på dans og teater kvart år. Instruktørkursa skal treffa både dei som er nye og dei som treng vidareutdanning. Kurs for barneinstruktørar skal prioriterast dersom det er behov for det. | I alt 90 personar har delteke på instruktørkurs i 2017. Av desse har 61 perssonar delteke på eitt av dei fire folkedanskursa, og 29 har delteke på eitt av dei tre teaterkursa. To av teaterkursa har vore retta mot barneinstruktørar. |

## Langtidsplanstrategi 4: Styrke demokratiarenaene

Oppslutnaden kring dei formelle demokratiarenaene i ungdomslaga er svak. Dårleg oppmøte på årsmøta på fylkes- og sentralplan medfører at vedtak som blir fatta ikkje er representative, og vi vil i realiteten få ein organisasjon som er styrt av få.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2017 |
|---|---|
| Landsmøtet skal få auka oppslutnad frå lokallaga. | Deltakartalet er veldig stabilt. Styret har starta arbeidet i 2017, med å legge større sosiale og faglege rammer rundt landsmøtet, slik at dette kan bli ei helg som trekker langt fleire deltakarar, både til møte og kurs. |
| Landsrådet skal utviklast som ein møtearena for fylkeslaga og sentralleddet. | Dei fleste fungerande fylkeslaga deltek på landsmøtet, og styret opplever dette som ein viktig og fruktbar møtearena. |
| Alle fylkeslag skal gjennomføre årsmøte kvart år, med auka oppslutnad frå lokallaga. | Det har ikkje vore arbeidd konkret med dette i 2017. |

## Langtidsplanstrategi 5: Sikre ungdomslaga som formidlarar av immateriell kulturarv

Ungdomslaga har ei viktig oppgåve i å formidle og utvikle den immaterielle kulturarven i landet. Tradisjonane spesielt innanfor folkedans og amatørteaterarbeid er lange i ungdomslaga, og det må vere ei nasjonal bevisstheit rundt forvaltninga av denne kulturarven.

| MÅL I ARBEIDSPROGRAMMET 2017–2018 | GJENNOMFØRTE TILTAK 2017 |
|---|---|
| NU skal vere ein tydeleg interessepolitisk aktør i samarbeidsorgan og overfor styresmaktene, for å fremje ungdomslaga sin kulturfaglege posisjon. | NU deltek aktivt i interesseorganisasjonane vi er medlemmer i, og har styrerepresentasjon i mange av desse. Vi har også delteke på ulike møter i regi av Barne- og likestillingsdepartementet og Kulturdepartementet, og på budsjetthøyringar på Stortinget. |
| NU skal vere den leiande folkedansorganisasjonen i Noreg. | Vi har arbeidd aktivt med å tydeleggjere folkedansprofilen vår, og Folkepedia har vore viktig i dette. |
| Amatørteaterarbeidet skal ha ein synleg posisjon i NU. | Gjennom satsinga på instruktøropplæringa og gjesteinstruktørordninga ønskjer vi å tydeleggjere kva tilbod teaterlaga kan få frå NU. Mykje ressursar har også vore brukt på Dramas, for å sørge for at teaterlaga skal ha tilgang på ei framtidsretta teneste for manuslån og rettighetsklarering. |
| NU skal vere ein tydeleg aktør i samarbeidsfora for bunadspørsmål, for å sikre gode opplærings- og møtearenaer innanfor fagfeltet. | NU er medarrangør og deltek i styringsgruppa for fagdagane for bunad og folkedrakt, og for bunadopplæringa. |

# ORGANISASJONS-STRUKTUREN

Noregs Ungdomslag er ein grasrotorganisasjon, og lokallaga sine behov skal vere utgangspunktet for alt arbeid og alle satsingar i sentralleddet. 2017 har vore siste året i ei fireårig satsing på å besøke alle lokallaga i organisasjonen. Ikkje alle lag er møtt gjennom desse åra, men møta har vore svært verdifull for å få innspel og tilbakemeldingar på drifta og utviklinga av organisasjonen.

***Medlemmene***

Dokumentasjon av medlemstal og aktivitet i lokallaga er eit særs viktig arbeid for sentralleddet, og det blir brukt mykje ressursar på dette dokumentasjonsarbeidet. Tala dannar grunnlaget for tilskot til drift, kurs og tiltak initiert av sentralleddet både til barne- og ungdomsarbeid frå Barne- og Likestillingsdepartementet og for teaterarbeid frå Kulturdepartementet. Tal medlemslag og medlemer avgjer også kor mykje NU får til fordeling av frifondmidlar.

Det er årsrapportane frå laga som dokumenterer medlemstalet i organisasjonen. Krav om å levere årsrapport blir sendt laga på nyåret, men svært mange lag sender inn først når dei har motteke purringar og oppfølging frå NU-kontoret. Arbeidet med å krevje inn og purre på årsrapporten skjer heilt fram til NU sender søknad om statstilskot 15. september.

### *Utvikling samla medlemstal dei siste fem åra:*




Talet støttegjevande medlemmer samsvarar med talet medlemmer som er under 26 år, og som har betalt minimum 50 kroner i kontingent. Desse medlemene genererer driftstilskot til barne- og ungdomsarbeidet i organisasjonen, og Frifond-midlar til fordeling i laga.

Det var totalt 13.461 personar som var registrert som medlemmer i Noregs Ungdomslag i 2017, pr 26. februar 2018. Talet registrerte medlemmer per 4. januar var 12.048. Dette viser eit etterslep på medlemsregistrering, der heile 1400 medlemmer blei registrert i medlemsregisterert av lokallaget sitt først i det påfølgjande kalendaråret.

Sidan medlemstalet for 2017 først vert stadfesta i september, når den absolutte fristen for å levere årsrapport går ut, kan ikkje talet samanliknast med fjorårets medlemstal enno. Det førebelse talet tyder likevel på ei medlemsauke.



*Folkepedia, Linge (Sunnmøre)*

## *Tal lag og medlemmer fordelt etter fylkeslag*

| | Tal lokallag | | Tal medlemmer | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Fylkeslag* | *Inaktive* | *Aktive* | *0-25* | *26-95* | *Totalt* |
| Aust-Agder Ungdomslag | 1 | 13 | 311 | 425 | 736 |
| Bygdelagssamskipnaden | 1 | 15 | 416 | 794 | 1 210 |
| Eidsiva Fylkeslag | 0 | 3 | 31 | 120 | 151 |
| Finnmark Ungdomslag | 0 | 2 | 8 | 27 | 35 |
| Fylkeslaget Varden | 0 | 7 | 1 | 98 | 99 |
| Hordaland Ungdomslag | 18 | 44 | 819 | 1411 | 2 230 |
| Hålogaland Ungdomslag | 0 | 10 | 87 | 176 | 263 |
| Inntrøndelag Ungdomssamlag | 6 | 19 | 194 | 230 | 424 |
| Naumdøla Ungdomslag | 3 | 12 | 150 | 143 | 293 |
| Nordland Ungdomsfylking | 4 | 8 | 94 | 256 | 350 |
| Nordmøre og Romsdal Ungdomslag | 4 | 25 | 466 | 641 | 1 107 |
| Oppland Ungdomslag | 4 | 9 | 111 | 125 | 236 |
| Rogaland Ungdomslag | 0 | 14 | 157 | 474 | 631 |
| Sogn og Fjordane Ungdomslag | 8 | 38 | 525 | 789 | 1 314 |
| Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag | 4 | 29 | 493 | 471 | 964 |
| Sør-Trøndelag Ungdomslag | 1 | 10 | 209 | 218 | 427 |
| Telemark Ungdomslag | 3 | 12 | 122 | 221 | 343 |
| Troms Ungdomsfylking | 4 | 16 | 237 | 471 | 708 |
| Vest-Agder Ungdomslag | 1 | 21 | 297 | 670 | 967 |
| Østerdal Ungdomslag | 3 | 2 | 16 | 70 | 86 |
| Direkteinnmeldte lag | 8 | 25 | 212 | 662 | 874 |
| Direktemedlemmer | - | - | 4 | 9 | 13 |
| Husmedlemslag | | 1 | | | |
| **Totalt** | **75** | **335** | **4 960** | **8 501** | **13 461** |

## *Utvikling i medlemstalet dei siste fem åra, fordelt etter fylkeslag*

| | **Medlemstal*** | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| *Fylkeslag* | *2013* | *2014* | *2015* | *2016* | *2017** |
| Aust-Agder Ungdomslag | 650 | 739 | 709 | 671 | 736 |
| Bygdelagssamskipnaden | 1 364 | 1290 | 1257 | 1201 | 1210 |
| Eidsiva Fylkeslag | 153 | 156 | 159 | 157 | 151 |
| Finnmark Ungdomslag | 29 | 13 | 13 | 27 | 35 |
| Fylkeslaget Varden | 78 | 86 | 98 | 96 | 99 |
| Hordaland Ungdomslag | 1 753 | 1771 | 2005 | 2236 | 2230 |
| Hålogaland Ungdomslag | 272 | 258 | 318 | 215 | 263 |
| Inntrøndelag Ungdomssamlag | 710 | 575 | 520 | 479 | 424 |
| Naumdøla Ungdomslag | 302 | 232 | 211 | 189 | 293 |
| Nordland Ungdomsfylking | 413 | 428 | 366 | 330 | 350 |
| Nordmøre og Romsdal Ungdomslag | 985 | 1033 | 1024 | 1068 | 1107 |
| Oppland Ungdomslag | 209 | 203 | 225 | 133 | 236 |
| Rogaland Ungdomslag | 684 | 660 | 686 | 646 | 631 |
| Sogn og Fjordane Ungdomslag | 1 220 | 1244 | 1206 | 1192 | 1314 |
| Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag | 951 | 952 | 952 | 905 | 964 |
| Sør-Trøndelag Ungdomslag | 391 | 411 | 429 | 386 | 427 |
| Telemark Ungdomslag | 414 | 427 | 341 | 339 | 343 |
| Troms Ungdomsfylking | 871 | 826 | 847 | 773 | 708 |
| Valdres Ungdomslag ** | 148 | 147 | 149 | 148 | - |
| Vest-Agder Ungdomslag | 902 | 916 | 933 | 975 | 967 |
| Østerdal Ungdomslag | 115 | 106 | 87 | 85 | 86 |
| Direkteinnmeldte lag | 534 | 483 | 527 | 506 | 874 |
| Direktemedlemmer | 0 | 13 | 6 | 13 | 13 |
| **Totalt** | **13164** | **12969** | **13068** | **12770** | **13461** |

*Tala er henta frå Hypersys 26.2.2018:*

** Medlemstal for perioden 2013–2016 er medlemstalet som var registrert ved årsskiftet det aktuelle året. Det endelege medlemstalet blei først stadfesta gjennom levering av årsrapport i september same år, og dette betyr at tabellen ikkje viser den same summen medlemmer som tabellen på forrige side.*

*** Valdres Ungdomslag vart lagt ned i 2017, og medlemstalet for dette året er lagt til dei direkteinnmeldte laga.*

### *Lokallaga*

Ved utgangen av 2017 var det 335 registrerte aktive lag i organisasjonen. I tillegg er det registrert 75 lag med status inaktiv.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga. 180 av laga har eige hus og 65 av laga eig part i eit hus. Medlemmene legg kvart år ned fleire hundre årsverk i dugnadarbeid.

Pasvikringen i Finnmark, Høgdaringen i Buskerud, Leikarringen i Lillesand i Aust-Agder, Knarvik Gammeldanslag og Solbjørg Ungdomslag i Hordaland gjorde 1. gongs vedtak om utmelding i 2017, medan Nakkerud Ungdomslag i Buskerud og Sotra Folkedanslag i Hordaland gjorde 2. gongs vedtak om utmelding.

UL Heimkjær i Nord-Trøndelag vart lagt ned, det same gjeld Fylkeslaget Valdres Ungdomslag. Medlemslaga i Valdres Ungdomslag er no direkte tilslutta Noregs Ungdomslag.

Vi har ikkje fått nyinnmeldte lag I 2017.

*Tal henta frå Hypersys 26. februar 2018 syner eit auke på nær 700 medlemmar frå 2016 til 2017.*

### *Besøksrunden*

Målet med besøksrunden er å treffe alle lokallag til NU i løpet av ein periode på fire år. Siste året av denne runden var i 2017, men styret har vedteke å bruke 2018 til å nå fleire av dei laga ein ikkje nådde gjennom desse fire åra.

- I 2014 vart laga i Møre og Romsdal, Telemark, Oppland og Hedmark besøkt.
- I 2015 gjekk turen til Aust-Agder, Nord-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Rogaland og Buskerud.
- I 2016 vart laga i Nordland, Vest-Agder, Troms og Østfold besøkt.
- I 2017 var det laga i Hordaland, Finnmark, Oslo/Akershus, Sør-Trøndelag og Vestfold som fekk besøk.

Besøka har blitt gjennomført i eit samarbeid med fylkeslaga, i dei områda det finst fylkeslag, og som hovudregel er det med ein styremedlem og ein tilsett frå NU på besøka.

Besøka vart gjennomført i følgjande periodar:

- Hordaland Ungdomslag: 21.–24. februar, 7.-10. mars og 28.–31. mars
- Finnmark Ungdomslag: 13. og 14. september
- Bygdelagssamskipnaden: 23. november
- Sør-Trøndelag Ungdomslag: 19.–23. november
- Laga i Vestfold: 3. mars



*Mjeldalen Ungdomslag*

## *Fylkeslaga*

Ved utgangen av 2017 var 20 fylkeslag tilknytt Noregs Ungdomslag. I seks av fylkeslaga har det ikkje vore aktivitet. Styret si vurdering er at fleire av laga i praksis ikkje eksisterer, men det er medlemslaga i kvart enkelt fylkeslag som i praksis må ta initiativ til å eventuelt legge ned laget.

NU sitt årsmøte vedtok i 2009 eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere meir deira rolle i organisasjonen:

- Gjennomføre eige årsmøte
- Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte
- Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.
- Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.
- Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.

Trass i dette vedtaket, er det ikkje alle fylkeslag som møter på landsmøtet og landsrådsmøtet, slik dei er pålagt å gjere. Dei fleste sender årsrapport.

# UNGDOMSHUS OG LAGSBRUK



FOLKEPEDIAINNSPELING, FJELLI UL

Mange av lokal- og fylkeslaga i NU eig eller har part i lagshus, og nokre av laga driv også forretningsverksemd. Husa og delar av inventaret er av stor kulturell verdi, både for lokalsamfunna, organisasjonen og Noreg. Dokumentasjon av bygga og auka driftskompetanse blant eigarane er såleis sentrale oppgåver for organisasjonen.

### *NU Kulturformidling*

Styret har arbeidd for å gjere dei om lag 220 ungdomshusa i organisasjonen til eit landsdekkande turnehus-nettverk, koordinert av ein sentral infrastruktur. Førprosjektet *NU Kulturformidling* vart gjennomført i 2016, og våren 2017 fekk NU tilslag på midlar frå Kulturrådet til å gjennomføre eit hovudprosjekt. Lokallaga skal få tilført arrangørkompetanse og draghjelp gjennom prosjektet. Ein nettportal skal synleggjera arrangørane for utøvarar og sette dei i kontakt med kvarandre. Prosjektet vart starta opp hausten 2017, med planlagt lansering av nettportal og turnéruter våren 2018.

### *Digital husdatabase*

Dei siste åra har blitt samla informasjon og bilete av ungdomshusa i organisasjonen. Husa er presenterte på nettsida ungdomshus.ungdomslag.no. Denne tekniske løysinga er ikkje mobiltilpassa, og ein ny digital husdatabase vil i 2018 bli samla på sida til NU Kulturformidling: *www.ungdomshus.no*
Styret ønskjer med denne sida å løfte fram og synleggjere dei mange ungdomshusa i organisasjonen.

### *Dokumentasjon av lagsbruka*

Etter at Norske kulturbygg vart lagt ned i 2012, fekk NU overført ansvaret for å administrere eit dokumentasjonsprosjekt om lagsbruksdrifta i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Eit forprosjekt, finansiert av Norsk kulturråd, vart avslutta i januar 2014, og styret har sidan då hatt planar om å gå vidare med eit hovudprosjekt, med ønskje om å formidle dokumentasjonen om lagsbruksdrifta. For nokre år sidan arva Noregs Ungdomslag ein del midlar frå Kåre Kolås, der føremålet med arven var å støtte produksjonen av ei bok om lagsbruka. Hovudprosjektet blei starta opp i 2015, finansiert av denne arven. Nils Seland er engasjert som hovudforfattar, og målet er å ferdigstille hovudprosjektet hausten 2018.

> *Lagsbruk er eit omgrep om forretningstiltak som er eigd og/eller driven av eit lag.*

### *Huset i Bygda*

Dei organisasjonseigde kulturbygga – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. *Huset i bygda* vart initiert av Sogn og Fjordane Ungdomslag i 2010, med sikte på dokumentere dei organisasjonseigde bygga i fylket, samt heve driftskompetansen til eigarane.

*Huset i bygda* er no i fast drift med eigen tilsett under fylkeslaget. I åra 2014-2016 var prosjektet utvida til Hordaland, medan i 2017 gjekk stafettpinnen vidare til Møre og Romsdal etter tilslag om midlar frå fylkeskommunen. På grunn av ein liten stillingsprosent vart oppstartsåret i hovudsak nytta til dokumentasjon av organisasjonseigde bygg, og i november vart det avhalde ein fylkeskonferanse på ungdomshuset Vonheim i Fræna. NU sendte søknad til Kulturrådet om utviding av prosjektet i Møre og Romsdal, men fekk avslag.

# OPPLÆRINGS-ARBEIDET



INNSTRUKTØRKURS TEATER, MOLDE

Ungdomslaga driv eit utstrekt opplæringsarbeid innanfor mange ulike fagfelt. Mykje av arbeidet blir dokumentert gjennom statistikk til Studieforbundet, men det er også ein del av opplæringsarbeidet som ikkje blir registrert her, m.a. alt som er retta mot barn og unge under 14 år. Det har frå sentralleddet si side vore arbeidd mykje med å utvikle verktøy for opplæringsarbeidet dei siste åra.

## Verktøy for laga sitt opplæringsarbeid

### *Gjesteinstruktørordninga*

Alle medlemslag i Noregs Ungdomslag har høve til å bestille ein gjesteinstruktør til sitt lag utifrå sine behov. Tilbodet er subsidiert, og såleis eit spleiselag mellom sentralleddet og lokallaget som kjøper tenesta.

På teatersida var det tre gjesteinstruktøroppdrag i 2017. I mars reiste instruktør Ragnhild Bakken til Froland Ungdomslag i Aust-Agder for eit helgekurs i teatersminke. I august reiste instruktør Wilhelm Støylen til Utheim UL i Møre og Romsdal for finpussing av skodespelarteknikk inn mot premieren av eit spelstykke, og i månadsskiftet september-oktober reiste instruktør Trine Sjølyst til Sandeid UL i Rogaland for eit helgekurs i teater for barn.
Gjennom året har NU sendt ut fire gjesteinstruktørar til fire ulike lag på dans. Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag fekk besøk av Halldis Folkedal, Skare Ungdomslag fekk besøk av Mathilde Øverland, Odda Ungdomslag fekk besøk av Anna Gjendem og Vegar Vårdal reiste til Sarpsborg og Eidsiva Fylkeslag.

### *Folkepedia*

Folkepedia er eit nasjonalt prosjekt, der det blir produsert danseopplæringsfilmar innanfor folkedans. Ordet Folkepedia er samansett av folke for folkedans, og pedia som både speler på pedagogikk og wikipedia.
I 2016 vart det gjennomført eit førprosjekt som var støtta av Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). I 2017 starta hovudprosjektet, også med støtte frå LNU. Det vart i tillegg satt i gong eit treårig fylkesprosjekt i Møre og Romsdal med støtte frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkesarkivet for Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Folkemusikklag, Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag og Nordmøre og Romsdal Ungdomslag.

I løpet av 2017 har Folkepedia spelt inn filmar i Valldal, Vatne, Tafjord, Molde, Stryn og Torpo.
Gjennom læringsfilmar og inspirasjonsfilmar vil Folkepedia vere ein inspirasjon og ressurs for danseopplæring med folkedans. Utgangspunktet for Folkepedia er at folkedansen er i ei brytningstid, der ein treng kule signalprosjekt for barn og unge. Prosjektet skal synleggjere, inspirere og gjere folkedansen meir tilgjengeleg. Når barn og unge formidlar dans ser barn og unge som driv med folkedans at det er mange som driv med folkedans ulike stader i landet. Med Folkepedia blir folkedans som sjanger ufarleggjort, og barn og unge synleggjort som dansarar. Folkepedia er eit prosjekt som får barn og unge i organisasjonen til å skine.

I 2017 passerte Folkepedia godt over 50 ferdigproduserte filmar. Alle filmane som er spelt inn til no kan ein sjå på www.folkepedia.no. Prosjektet har også ei eiga Facebook-side. Styret ønskjer å produsere nye filmar kvart år, slik at Folkepedia får ein stor base med filmar.

## Nasjonal instruktøropplæring

I tråd med målsetjingane i langtidsplanen om å auke opplæringsaktiviteten, vedtok landsmøtet i 2014 å revidere instruktørmodellen, og det er lagt opp til at instruktørkursa skal bli arrangert regionalt. 2017 var det fyrste heile året med ny instruktørmodell. Målet er at det skal arrangerast fire folkedanskurs og fire teaterkurs, samt eit basiskurs i teater kvart år.

### *Instruktørkurs, folkedans*

Innanfor dans skal NU kunne tilby grunnleggande instruktørkurs innanfor dei sjangrane som lokallaga utøver, om det er folkedans, linedans, swing eller hip hop. I tillegg tilbyr vi desse kursa:

- Grunnleggande instruktørkurs
- Danseleik for barneinstruktørar
- Juniorinstruktørkurs
- Song til dans
- Turdansrepertoar
- Samdansteknikk
- Runddansrytmer
- Din eigen bygdedans
- Instruktørkurs i koreografi
- Songdans og stordans

Tanken er at instruktørkursmodellen på dans er dynamisk, der det blir opna opp for andre kurs ved behov og etterspurnad. Instruktørkursa skal kunne arrangerast lokalt og regionalt etter kva behov som finst ute i laga. Alle kursa skal vera ope for både medlemer og ikkje-medlemer i NU.



SONGDANSKURS, BERGEN

Følgjande instruktørkurs vart gjennomført i 2017:

- 27.-29.januar, Bergen: Grunnleggande instruktørkurs med Siri Strige, Maria Skjeldrum Toppe og SIlja Solvang. 17 deltakarar. Lokalt vertskap var BUL Ervingen.
- 17.-19.februar, Oslo: Runddansrytmar med Vegar Vårdal. 18 deltakarar. Lokalt vertskap var Leikarringen i BUL Oslo.
- 29.september-1.oktober, Bergen: Fordjuping i songdans og stordans med Torunn Hernes og Johan Einar Bjerkem hadde 15 deltakarar. Lokalt vertskap var BUL Ervingen.
- 10.-12.november, Steinkjer: Grunnleggande instruktørkurs med Anna Gjendem hadde 13 deltakarar. Kurset var eit samarbeid med Hilmarfestivalen der BUL Steinkjer var lokalt vertskap.

Det var også planlagt eit grunnleggande instruktørkurs med Trine Sjølyst i Lyngdal under Vest-Agder Ungdomslag sitt storkurs i februar, men dette vart diverre avlyst.

### *Instruktørkurs, teater*

Hausten 2017 vart det arrangert tre instruktørkurs i teater. Først ut var basiskurset i leiing og regi på Det Norske Teatret i 9-10. september med ti deltakarar frå fire fylke. 4.-5. november var det sjangerkurs i barne- og ungdomsteater på Teatret i Molde med seks deltakarar

frå tre fylke. 2.-3.desember var det også sjangerkurs i barne- og ungdomsteater, då i Strandebarm med ni deltakarar – alle frå Hordaland. Deltakarane på dei tre kursa var i alderen 15 til 57 år.

På teater er modellen bygd opp med eit grunnleggande kurs i regi, som alle må delta på for å kunne gå vidare på eitt av sjangerkursa. Lang/relevant erfaring kan kompensere for det grunnleggande kurset. Ettersom modellen er ny, opna ein i 2017 for at også dei med mindre erfaring fekk delta på sjangerkurs – noko som fungerte godt.

Sjangerkursa er følgjande:

- Instruktørkurs i vaksenteater
- Instruktørkurs i barne- og ungdomsteater
- Instruktørkurs i musikal
- Instruktørkurs i revy
- Instruktørkurs i komedie/farse
- Instruktørkurs i impro

## Opplæringstiltak i samarbeid med andre organisasjonar

### *Bunadopplæringa*

Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag, Norsk Folkedraktforum og Noregs Ungdomslag, som starta hausten 2007.

Kursrekkja består av seks modular, som til saman skal gje deltakarane ei brei innføring i praktisk bunadssaum. Kursrekkja er open for alle som ønskjer å lære meir om bunadssaum, anten som grunnlag for fritidsinteresser eller næring. Det er mogleg å ta heile kursrekkja, eller berre enkeltmodular. Bunadopplæringa kan vera ein del av løpet til sveinebrev.

I 2017 har det gått tre parallelle kursrekker, og Mette Vårdal har representert NU i styringsgruppa.

### *Scenerom*

Scenerom - kurs i regi og teaterproduksjon, er ei nyutvikla kursrekkje som blir gjennomført av Studieforbundet kultur og tradisjon, som ein del av arbeidet i Teateralliansen. I 2017 sat Inger Johanne Ruset i styringsgruppa for opplæringa for NU. Med oppstart i 2016, vart første kursrekkje vidareført i Oslo i 2017. I tillegg vart andre kursrekkje sett i gong i Sandefjord i januar 2017, med fire modular fordelt på fire helger i løpet av året. Fire av deltakarane på desse kursa kom frå lokallag i NU. Ei tredje kursrekkje vart starta under Teaterdagane på Lillehammer i september, men vart ikkje vidareført på grunn av fråfall blant deltakarane.

> *"Dei frilyndt ungdomslagi rundt um i landet kan då ikkje nøygje seg med 'enkevals' og 'tyven, tyven skal du hete,' tenkjer eg."*
> Hulda Garborg

### *Norsk folkeleg dans*

Vidareutdanningskurset Norsk folkeleg dans har vore eit samarbeid mellom NTNU VIDERE, Studieforbundet kultur og tradisjon og NU. Dette har etablert seg som eit populært studie der deltakarane får arbeide med dansekvalitet i den folkelege dansen, og studiet gjev 15 studiepoeng.

I 2016 vart studiet stoppa då Stortinget vedtok ei forskrift som seier at 50% av undervisninga på etter- og vidareutdanningskurs skal gjennomførast av nokon som er tilsette på den einskilde høgskulen/universitetet. Det vil seie at 50% av undervisninga på Norsk folkeleg dans må utførast av ein person tilsett ved NTNU for at kravet skulle ha vore oppfylt. Sidan dette ikkje er tilfellet, har NTNU bestemt seg for å avslutta alle samarbeid med eksterne aktørar som oss. Denne forskrifta stoppar fleire etter- og vidareutdanningstilbod rundt om i landet, både innanfor store og små fagfelt.

I 2017 har ein starta med å sjå på og vurdere muleghei-ter for å starte Norsk folke-leg dans 2. Studieforskrifta vart ikkje endra i 2017, men det vert sett på mulegheiter for å løyse problematikken på andre måtar slik at ein kan få til eit nytt studie i løpet av 2018.

## Tilskot til opplæring

Studieforbundet kultur og tradisjon er ungdomslaga sitt studieforbund. I tillegg til å legge til rette for og formidle støtte til opplæring i organisasjonen, er studieforbundet ein pådrivar for utviklingsarbeid innanfor fleire fagfelt, og driv høgare utdanning og interessepolitisk arbeid innanfor feltet opplæring i frivillige organisasjonar.

Det blei gjennomført 540 kurs med 16 154 studietimar i Noregs Ungdomslag i 2017, noko som medførte at laga fekk tildelt totalt kr 1 352 375 Dette er ein nedgang på 161 timar men i tal kurs er det ei auke på 14 kurs frå 2016. Det samla tilskotet vart kr 61 191 mindre enn i 2016.

### *Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet i 2017*

| Fylkeslag | Tilskot | Kurs | Deltakarar | Kurstimar 2016 | Kurstimar 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 32 550 | 14 | 108 | 412 | 417 |
| Akershus | 6 800 | 3 | 46 | 48 | 78 |
| Oslo | 74 850 | 30 | 325 | 835 | 843 |
| Hedmark | 14 850 | 6 | 100 | 179 | 168 |
| Oppland | 16 760 | 6 | 62 | 271 | 258 |
| Buskerud | 26 460 | 18 | 203 | 153 | 321 |
| Vestfold | 74 240 | 34 | 468 | 575 | 841 |
| Telemark | 38 070 | 14 | 163 | 431 | 423 |
| Aust-Agder | 66 350 | 35 | 467 | 866 | 777 |
| Vest-Agder | 64 070 | 34 | 307 | 436 | 307 |
| Rogaland | 65 260 | 30 | 256 | 1 263 | 731 |
| Hordaland | 157 860 | 60 | 477 | 2 225 | 1 838 |
| Sogn og Fjordane | 111 315 | 41 | 368 | 1 104 | 1 481 |
| Møre og Romsdal | 243 955 | 82 | 616 | 2 690 | 2 912 |
| Sør-Trøndelag | 144 030 | 26 | 168 | 1 072 | 1 617 |
| Nord-Trøndelag | 43 525 | 15 | 99 | 1 627 | 494 |
| Nordland | 75 100 | 40 | 317 | 1 619 | 1 003 |
| Troms | 64 590 | 33 | 235 | 929 | 879 |
| Finnmark | 19 760 | 6 | 34 | 198 | 224 |
| Noregs Ungdomslag sentralt | 11 130 | 13 | 121 | 54 | 140 |
| **SUM** | **1 352 375** | **540** | **4 940** | **16 315** | **16 154** |

*Laga i Noregs Ungdomslag fekk i 2017, totalt kr 1.352. 375 i tilskot til opplæring.*

Henta frå medlemsbladet Ungdom 1/2017.

# 3 PÅ INSTRUKTØRKURS

Helga 17.–9. februar vart det arrangert instruktørkurs i runddansrytmar Oslo. Dette var det fyrste temabaserte kurset i den nye instruktør-kursmodellen og var fullbooka allereie tre månadar før kurset skulle vera. Eit innspel frå helga var at det var ynskje om å kunna ta masterclass instruktør for instruktørar som har erfaring og som vil ha tettare oppfylging. Idéen var såpass god at me allereie har planar om å prøva ut eit slikt opplegg til hausten. Fylg med, fylg med så dukkar det opp meir info om det i løpet av våren.

Her møter du tre av kurs-deltakarane:



**Namn:** Aud Drotningsvik
**Alder:** 52
**Lag:** BUL Kongsberg
**Kjem frå:** Odda

*Kva har du lært på kurset:*
– Eg har lært at det er lurt å snakka mindre og dansa meir når ein er instruktør og at ein må vera tydeleg danseførebilete. Og at det kan vera lurt å variera innlæringa framover/bakover, ikkje berre sidelengs.

*Kva er favorittdansen din:*
– Hamborgar.

*Om du måtte by opp ein kjendis til ein runddans, kven ville du ha valt og kvifor?*
– Eg ville ha bydd opp Daniel Andre Tandé til ein reinlender. Fordi det er ein kjekk dans med energi og fart, og fordi eg trur at Daniel fort kunne fått den til.

---



**Namn:** Hanne Hammerseth
**Alder:** 29 år
**Lag:** BUL Nidaros
**Kjem frå:** Sarpsborg

*Kva har du lært på kurset:*
– Korleis dela ein dans ned i mindre grunnelement og korleis utnytta det i oppbygginga av instruksjonen.

*Kva er favorittdansen din:*
– Rørospols

*Om du måtte by opp ein kjendis til ein runddans, kven ville du ha valt:*
– Har veldig dårleg oversyn over kjendisar. Kan det vera ein fiktiv ein? Sherlock Holmes dansar jo vals …

---



**Namn:** Audun Grüner Hegge
**Alder:** 27 år
**Lag:** Leikarringen i BUL Oslo
**Kjem frå:** Oslo

*Kva har du lært på kurset?*
– At det er mange måtar å vera instruktør på.

*Kva er favorittdansen din?*
– Vals. Det er noko med flyten ein kan få og variasjonen som oppstår med ulik musikk.

*– Om du måtte by opp ein kjendis til ein runddans, kven ville du ha valt?*
Bjarte Tjøstheim eller Linda Eide.



SOMMARLEIREN, FANA FOLKEHØGSKULE

# MØTESTADER

## *Sommarleiren*

Sommarleiren 2017 vart lagt til Fana Folkehøgskule ved Flesland utanfor Bergen. Skulen har lokale tilrettelagt for ulike kurs og leiaraktivitetar, valfri innkvartering for deltakarane, og ikkje minst ein kjøkkenstab som er van med å handtere ulike allergiar og diettbehov. Leiren var arrangert i samarbeid med Bergen UL Ervingen som tok på seg eit større dugnadsansvar for å sikre god gjennomføring av leiren. Leirutval og poteter skal dessutan ha skryt for den sosiale oppfølginga på ein leir der fleire av deltakarane kom utan å kjenne nokon frå før.

Med solskin heile veka, ei vellukka seglskute-utflukt og svært positive tilbakemeldingar frå deltakarane, kan
leiren seiast ha vore ein suksess. Med 42 deltakarar var det ingen stor leir, og det var utfordrande å hanke inn nok påmeldingar. Med prosjektmidlar frå LNU vart det blant anna høve for å gje full reisestønad og senke påmeldingsavgifta, noko som viste seg å vere utslagsgjevande i tillegg til å oppsøkje målgruppa direkte.

## *Barnlek*

Barnlek er eit nordisk folkedans- og folkemusikkstemne for born og ungdom, organisert under NORDLEK. Barnlek arrangerast kvart tredje år der dei nordiske landa byter på å vere arrangør. Barnlek 2017 vart arrangert i Klaksvik på Færøyane 6.-9.juli.

Frå Noreg var desse laga med på stemnet:

- Barnelaget i BLS (21 deltakarar)
- Gjerpen Frilynde Ungdomslag (16 deltakarar)
- Nordbygda Ungdomslag (6 deltakarar)
- BUL Sarpsborg (13 deltakarar)
- Barneleiken i BUL Tromsø (deltakarar)
- BUL Steinkjer (1 deltakar)

I tillegg var Torbjørn Bergwitz Lauen (BUL Oslo/NU), Nina Byttingsmyr (Froland Ungdomslag) og Tonje Stabbetorp (BUL Sarpsborg) med som det norske NORDLEK-utvalet.

## *Kven Veit? og Junior Kven Veit?*

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vert også skipa til Kven Veit? jr. der målgruppa er personar under 14 år. I 2017 vart administrasjon av tevlinga sett ut til kontoret til Huset i Bygda Sogn og Fjordane. Det var gjort ei evaluering av samarbeidet, noko som vil gje grunnlag for gjennomføring av tevlinga i 2018.

*Sommarleirutval og poteter skal ha ekstra skryt for den sosiale oppfølginga.*

I 2017 var temaet for tevlinga Frilyndt, som er ein av kjerneverdiane til NU. Det deltok 81 tevlande lag frå 34 medlemslag i seniorklassa. I juniorklassa deltok 11 tevlande lag frå 4 medlemslag og 1 skule. Vinnar i seniorklassen var Bergen Ungdomslag Ervingen og vinnar av juniorklassen var Fjærland UL og Bygstad skule.

I Kven veit? 2017 var det totalt 475 tevlande deltakarar på 92 lag frå 36 ulike medlemslag og 1 skuleklasse. Til samanlikning var det i 2016 var det 423 deltakarar på 81 lag frå 29 ulike medlemslag. Og i 2015 var det 360 tevlande deltakarar på 64 lag frå 29 ulike medlemslag.

# INFORMASJONSARBEID OG INTERESSEPOLITIKK

***Informasjonsarbeid***
Noregs Ungdomslag sine viktigaste informasjonskanalar er medlemsbladet Ungdom, facebook, nettsidene ungdomslag.no og sommarleiren.no, samt nyheitsbrev på e-post som går ut til tillitsvalte i lokallaga og fylkeslaga.

Medlemsbladet Ungdom har hatt eit opplag på opptil 5000 eksemplar per utgåve, og kom ut med fire utgåver i 2017. Opplagstalet varierer noko etter kor mange medlemer laga har registrert i medlemsregisteret. Elektroniske utgåver har vorte lagt ut på issuu.com/noregsungdomslag

Samarbeidet med Norsk Barneblad har halde fram, der alle barnemedlemer i NU får tilsendt Norsk Barneblad fire gongar i året, i staden for å få tilsendt medlemsbladet Ungdom. I bladet er fire sider sett av til våre nyheiter og saker. Samarbeidet med barnebladet og redaktør Nana Rise-Lynum har også i 2017 vore godt. Opplagstalet varier med kor mange barnemedlemmer som til ei kvar tid er innmeldt, men ligg på rundt 2000.



*Følg @ungdomslag på instagram.*

Nyheitsbrev på e-post har i 2017 blitt sendt til styra i lokallaga og fylkeslaga den første veka i månaden (utanom juli). Her blir laga orientert om viktige søknadsfristar og andre saker som er relevant for dei tillitsvalte i laget.
Noregs Ungdomslag har i tillegg nytta seg av ulike sosiale media.

- Facebook.com blir brukt til å formidle saker frå nettsidene, i tillegg til at det blir lagt ut bilete frå arrangement og anna relevant informasjon til tilhengarane. Sommarleiren har eigne facebooksider der ein kan føre dialog med medlemmar og kome med meir spissa informasjon. Ved utgangen av 2017 hadde NU 2270 følgjarar på Facebook, ei auke på nesten 7% frå 2016.
- Biletedelingstenesta Instagram blir brukt til å dele meir kuriøse bilete frå arkivet og/eller aktivitetar. Det er 814 (2016: 644) som følgjer NU på Instagram I 2017 fekk NU 3290 likarklikk på 78 bilete.
- Bilete frå aktivitet/større arrangement blir lagt på Flickr.com.
- Videoar som vert produsert vert lagt ut eigen kanal på vimeo.com
- NU har og brukarkonto på mikrobloggløysinga twitter.com.
- NU brukar emneknaggen #levandelokalkultur. I 2017 vart alle innlegg på Instagram og Twitter merkt med dette.

Dansefilmprosjektet Folkepedia har eiga nettside (*www.folkepedia.no*) og facebookside.

***Interessepolitikk***
Noregs Ungdomslag er medlemmer i fleire paraplyorganisasjonar som arbeider interessepolitisk for ulike saker, og som fremjer saker som er av interesse for ungdomslaga. NU er representert i fleire av styra for desse interesseorganisasjonane. I 2017 har det særleg vore brukt ressursar

på det interessepolitiske arbeidet gjennom Teateralliansen , Kulturalliansen, Studieforbundet kultur og tradisjon og Frivillighet Norge.

NU har også i 2017 koordinert og administrert arbeidet i Teateralliansen, som mottok midlar frå Kulturdepartementet til felles amatørteatertiltak i perioden 2015-2017. NU har i tillegg hatt eit særleg driftsansvar for manusbanken Dramas. Norsk institutt for by- og regionforsking har i 2017 evaluert departementet sin fordelingsstruktur for amatørteaterarbeidet, og leverte si tilråding til framtidig disponering av midlane i desember 2017. Teateralliansen har søkt om ordinære driftsmidlar frå 2018, for å reindyrke rolla som paraply- og samarbeidsorganisasjon på feltet. Innhaldet i søknaden er i stor grad i tråd med tilrådingane frå NIBR, med departementet rakk ikkje å konkludere i 2017 med korleis midlane skal fordelast frå 2018.

Kulturalliansen vart stifta i 2016, og NU leigde ut sekretariatsressursar til organisasjonen fram til det første ordinære årsmøtet, som vart halde i april 2017. På dette årsmøtet vart NU sin styreleiar valt som styremedlem i Kulturalliansen. NU har hatt eit mindre administrasjonsoppdrag for organisasjonen også etter årsmøtet, ved å stå for økonomioppfølging av arbeidet.

Studieforbundsordninga har også i 2017 vore under politisk press, og i forslaget til statsbudsjett for 2018 var tilskotsordninga foreslått kutta med 22,5 millionar kroner. Studieforbunda og medlemsorganisasjonane mobiliserte mot forslaget, og lukkast i arbeidet med å få Stortinget til å reversere kuttet.

Frivillighet Norge si viktigaste interessepolitiske sak er momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar. Ordninga har blitt dårlegare for dei frivillige organisasjonane dei siste åra, fordi momsutgiftene har auka meir enn løyvingane i statsbudsjettet. Dette gjer at avkorting i momskompensasjonen har auka. Frivillighet Norge arbeider for full momskompensasjon. Dette betyr både at mottakarane skal sleppe å bli avkorta i tildelingsbeløpet, men også at ein skal få kompensasjon for alle momskostnader, t.d. på bygg og anlegg, som søkjarane i dag må gjere frådrag for.

*Generalsekretær Eli Ulvestad held appell under Frivillighet Norge si Massemønstring for full momskompensasjon.*



### *Medieoppslag*

Lokallaga har hatt godt med oppslag i lokalavisene i året som gjekk. Fleire kulturprisar, både frå kommune og fylkeskommune, har vorte utdelt til sentrale personar i ungdomslaga. Styreleiar Mette Vårdal hadde mellom anna kronikken *Gleda med bunaden* på prent med eit godt resultat.

Dansefilmprosjektet Folkepedia fekk merksemd på dei ulike stadene filmane vart innspelt.

# STYRINGS-
# STRUKTUREN



## *Landsmøtet*

Landsmøtet blei halde på Scandic St. Olavs plass, 22.-23. april. Det deltok 84 utsendingar med røysterett på landsmøtet, inkludert styret. I tillegg deltok fem frå administrasjonen. Ein hadde gjestar og helsingar frå Studieforbundet kultur og tradisjon, Landsrådet for barne- og ungdomsorganisasjonar og Noregs Mållag.

Desse sakene blei handsama i tillegg til ordinære landsmøtesaker:

› Kontingent 2018-2019
› Revisjon av prinsipprogrammet
› Førebuing til ny fagpolitisk plattform
› Framtidige sentrale tilskipingar i NU
› Endring av lova og styringsføresegnene
› Endringar i mønsterlovene for lokallaga ogf ylkeslaga

Følgjande fråsegner blei vedteke av landsmøtet:

› Kommunane må skape rom for kulturlivet.
› Styrk den kulturelle grunnmuren

## *Utsendingar til landsmøte fylkesvis*

| Fylkeslag | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| Aust-Agder Ungdomslag | 3 | 10 |
| Bygdelagssamskipnaden | 9 | 5 |
| Eidsiva Fylkeslag | 4 | 4 |
| Finnmark Ungdomslag | 1 | 1 |
| Fylkeslaget Varden | 1 | 0 |
| Hordaland Ungdomslag | 11 | 8 |
| Hålogaland Ungdomslag | 0 | 0 |
| Inntrøndelag Ungdomssamlag | 3 | 2 |
| Naumdøla Ungdomslag | 1 | 1 |
| Nordland Ungdomsfylking | 3 | 5 |
| Nordmøre og Romsdal Ungdomslag | 4 | 0 |
| Oppland Ungdomslag | 1 | 1 |
| Rogaland Ungdomslag | 5 | 5 |
| Sogn og Fjordane Ungdomslag | 2 | 3 |
| Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag | 1 | 2 |
| Sør-Trøndelag Ungdomslag | 4 | 2 |
| Telemark Ungdomslag | 8 | 9 |
| Troms Ungdomsfylking | 6 | 7 |
| Valdres Ungdomslag | 0 | 0 |
| Vest-Agder Ungdomslag | 7 | 7 |
| Østerdal Ungdomslag | 0 | 0 |
| Direkteinnmeldte lag | 3 | 2 |
| Styret | 7 | 7 |
| **Til saman** | **84** | **81** |

## *Landsrådet*

Landsrådet er samansett av leiarane i fylkeslaga og styret i Noregs Ungdomslag, og er ein viktig møteplass i organisasjonen. I 2017 blei landsrådsmøtet halde 16.-17. september på Lillehammer. Norsk amatørteaterforbund sine Teaterdagar la ramma rundt møtet.
Det deltok 15 personar frå 13 fylkeslag i tillegg til 5 frå styret og 5 frå administrasjonen. valnemnda hadde og møte på Lillehammer under landsrådsmøtet.

Saker på saklista var:
› Aktuelle saker frå NU
› Nytt og aktuelt frå fylkeslaga
› Nye nettsider
› Instruktøropplæringa i NU
› Sommarleiren i NU
› Korleis lage landsmøtet til ei NU-helg
› Fagpolitisk plattform
› Langtidsplan 2019–2022
› Kommunikasjon i ein samansett organisasjonsstruktur

## *Heidersmedlemer*

Gunnar Rødal vart utnemnt til heidersmedlem i 2001. Gunnar var tilsett i 35 år som reiseinstruktør innan folkedans, og har gjennom eit langt liv lagt ned ein stor innsats både for norsk folkemusikk og folkedans og NU.

## *Styret*

*Styret fram til landsmøtet:*

| | |
|---|---|
| Leiar: | Mette Vårdal, Oppland Ungdomslag |
| Politisk nestleiar: | Marit Nerås Krogsæter, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag |
| Org. nestleiar: | Håvard Ims, Rogaland Ungdomslag |
| Styremedlemmer: | Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag |
| | Morten Nilsen, Nordland Ungdomsfylking |
| | Torbjørn Bergwitz Lauen, Hordaland Ungdomslag |
| | Kevin Theigmann, Nordland Ungdomsfylking |
| 1. vara | Endre Strømsjordet Myhre, Oppland Ungdomslag |
| 2. vara | Kine Reiersen, Oppland Ungdomslag |
| 3. vara | Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden |

*Styret etter landsmøtet:*

| | |
|---|---|
| Leiar: | Mette Vårdal, Oppland Ungdomslag |
| Politisk nestleiar: | Marit Nerås Krogsæter, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag |
| Org. nestleiar: | Terje Svindseth, Bygdelagssamskipnaden |
| Styremedlemmer: | Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag |
| | Morten Nilsen, Nordland Ungdomsfylking |
| | Torbjørn Bergwitz Lauen, Hordaland Ungdomslag |
| | Kevin Theigmann, Nordland Ungdomsfylking |
| 1. vara | Endre Strømsjordet Myhre, Oppland Ungdomslag |
| 2. vara | Stian Johannessen, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag |
| 3. vara | Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden |

*Styret har hatt 7 møte. Eitt av møta har vore halde som telefonmøte.*
*Styret har handsama 97 saker.*
*Styreleiar er honorert med kr 15.000 per månad. Det blir utbetalt honorar til dei andre styremedlemmene for deltaking på styremøta.*

## *Valnemnd*

*Fram til landsmøtet:*

| | |
|---|---|
| Leiar: | Endre Kleiveland, Hordaland Ungdomslag |
| Medlemmar: | Cecilie Rørstad, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag<br>Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking<br>Borghild Opdahl, Hordaland Ungdomslag<br>Fredric J. Nygård, Eidsiva fylkeslag |
| Vara: | Oddgeir Løvold, Nordmøre og Romsdal Ungdomslag<br>Rita Sirirud Vatnehol, Oppland Ungdomslag<br>Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag |

*Etter landsmøtet:*

| | |
|---|---|
| Leiar: | Cecilie Rørstad, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag |
| Medlemmar: | Borghild Opdahl, Hordaland Ungdomslag<br>Fredric J. Nygård, Eidsiva fylkeslag<br>Håvard Ims, Hordaland Ungdomslag<br>Oddgeir Løvold, Nordmøre og Romsdal Ungdomslag |
| Vara: | Geir Såtvedt, Telemark Ungdomslag<br>Rita Sirirud Vatnehol, Oppland Ungdomslag<br>Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag |

## Utval nedsett av styret

### *Nasjonalt nordlek-utval*

Nasjonal Nordlek-utval er ei praktisk nemnd for gjennomføring av oppgåver retta mot stemna og evt andre tilskipingar Nordlek har. Mandatperioden er frå januar 2017 til januar 2020. Medlemmer i utvalet er Torunn Hernes Bjerkem, Tonje Stabbetorp, Nina Byttingsmyr og Torbjørn Bergwitz Lauen.

### *Utval for ny fagpolitisk plattform*

Styret har sett ned eit eige utval for å utarbeide forslag til fagpolitisk plattform for Noregs Ungdomslag. Mette Vårdal har leia arbeidet, og dei andre i utvalet har vore Jens Kihl, Ida Marie Holmin og Marianne Dahl.





FOLKEPEDIA, BODØ. FOTO: ANNE MARTE FØR.

# ADMINISTRASJONEN

### *Generalsekretæren*

Eli Ulvestad fekk fornya sin siste åremålsperiode som generalsekretær, frå 1. juni 2017. Åremålet er inngått til 30. mai 2021.

### Andre tilsette

### *Kulturrådgjevar, teater og ungdomshus*

Inger Johanne Ruset

### *Kulturrådgjevar, folkedans*

Halldis Folkedal, til januar
Solveig Brekke Hauknes, frå mai

### *Informasjonsrådgjevar*

Guro Redalen

### *Organisasjonskonsulent*

Alf Steinar Nekstad

### *Prosjektleiar Huset i Møre og Romsdal*

Siri Skjerve, 20% stilling

### *Anna arbeidsgjevaransvar*

I tillegg har NU hatt samarbeidsavtalar som regulerer arbeidsgjevaransvar for eksterne medarbeidarar:

- Ingunn Nyheim, Sogn og Fjordane Ungdomslag (20 % stilling til sommaren)
- Christoffer Knagenhjelm, Sogn og Fjordane Ungdomslag (50 % stilling frå sommaren)
- Arnfinn Hagen, Dramas (50 % stilling)
- Marte Christensen, Dramas (20% stilling fram til sommaren)
- Marit Gabler, Dramas (100% stilling fram til februar)
- Rebekka Midgaard, Dramas (100% stilling frå mars)
- Trine Brembo Stokland, Dramas (100% stilling frå mars)

### *Drift av kontoret*

Noregs Ungdomslag har hatt kontorlokale i Øvre Slottsgate 2B, der vi framleiger kontorlokale frå Norges kulturvernforbund. Mange av dei nasjonale kulturvernorganisasjonane er samla i bygget. Bygget er eigd av eigedomsfirmaet Opulens.

NU har kjøpt rekneskapstenester frå Bokholderi AS.

# SAMARBEID MED ANDRE ORGANISASJONAR

Noregs Ungdomslag er medlemsorganisasjon i ei rekke paraply- og interesse-organisasjonar.

## Medlemsorganisasjonar

### *Av-og-til*
AV-OG-TIL er ein alkovettor-ganisasjon, som set fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein særleg risiko eller kan vere til ulempe for andre. AV-OG-TIL vil medverke til å redusere dei negative følgjene av alkoholbruk i samfunnet, og gjøre kvardagen tryggare for alle. NU ein av av 48 medlemsorganisasjonar.

### *CIOFF-Norge*
CIOFF er ein internasjonal kulturell privat organisasjon (NGO) i formelle rådgivande kontakt med UNESCO. Organisasjonen har som føremål å ta vare på, marknadsføre og formidle tradisjonell kultur og folklore. NU administrerer Cioff Noreg, og formidlar informasjon til lag i NU og FolkOrg.

### *FN-sambandet*
FN-sambandet arbeider for auka kunnskap om FN og internasjonale spørsmål i Noreg. NU ein av 50 landsfemnande medlemsorganisasjonar i sambandet.

### *Foreningen Norden*
Foreningen Norden er ei partipolitisk uavhengig medlemsforeining som arbeider for å styrke og utvikle eit folkeleg nordisk samarbeid for alle som bur i Norden. Foreininga har både enkeltmedlemmer, lokallag og nasjonale organisasjonar som medlemmer.

### *Hovudorganisasjonen Virke*
Virke er ein arbeidsgje-varorganisasjon som representerer over 21.000 verksemder i Norge. NU er medlem av organisasjonen, og følgjer Landsoverenskon-msten for virksomheter i vår arbeidgjevarpolitikk.

### *Frivillighet Norge*
Frivillighet Norge er eit koordinerande organ for arbeidet frivillige organisasjonar gjer i forhold til offentlege utgreiingar og prosjekt. Organisasjonen har om lag 300 medlemsorganisasjonar.

### *Kulturalliansen*
Kulturalliansen er eit felles talerør for dei frivillige kulturorganisasjonane. Organisasjonen har ingen tilsette, og blir drifta av prosjekttilskot. Organisasjonen vart stifta i 2016, og NU var ein sentral aktør i dette arbeidet.

### *Landsrådet for Noregs barne- og ungdoms-organisasjonar (LNU)*
LNU er ein paraplyorganisasjon som arbeider med barne- og ungdomspolitiske saker. NU har observatør-medlemskap, men kan søke på alle tilskotssordningane i LNU og delta med talerett i alle fora.

### *Nordisk Samorganisasjon for Ungdomsarbeid (NSU)*
NSU er ein paraplyorganisasjon for ulike landsdekkande ungdomsorganisasjonar

i Norden. Føremålet er å styrke samarbeidet mellom partipolitisk uavhengige ungdomsorganisasjonar i Norden. Organisasjonen legg vekt på eigenaktivitet, opplysning, samarbeid og kontakt i det nordiske fellesskapet.

### *Nordlek*
Noregs Ungdomslag er medlemsorganisasjon i Nordlek, som ein av 23 nordiske organisasjonar og den einaste norske organisasjonen. Nordlek arrangerer Nordlek-stemne kvart tredje år, Barnlek-stemne for barn og unge kvart tredje år og mindre folkedansstemne som Isleik og Havleikur.

### *Norsk Folkemusikklag*
Laget fungerer som eit forum for forskarar, formidlarar, utøvarar og andre som arbeider med eller interesserer seg for folkemusikk og folkedans. Noregs Ungdomslag er medlem.

### *Nynorsk forum*
Noregs Ungdomslag er med i dette leiarforumet, som driv med politisk samordning og diskuterer felles tema for norskdomsrørsla. Generalsekretær og styreleiar blir invitert til å delta i forumet for NU.

### *Studieforbundet kultur og tradisjon*
Noregs Ungdomslag er ein av dei største medlemsorganisasjonane i studieforbundet, og har vore med i styret for organisasjonen frå starten av.

### *Teateralliansen*
Teateralliansen er ein samarbeidsorganisasjon for nasjonale amatørteaterorganisasjonar. Organisasjonen har førebels fem medlemmer, i påvente av kva oppdrag organisasjonen eventuelt vil få frå Kulturdepartementet frå 2018.

## Andre nærskylde organisasjonar og selskap

### *Det Norske Samlaget*
Samlaget er eit stort nynorsk forlag og ein viktig kulturinstitusjon. Dei har mellom anna gjeve ut mange bøker som NU har for sal, særleg innan folkedans.

### *Den mangfaldige scenen AS*
Noregs Ungdomslag er ein av tre aksjeeigarar i Den mangfaldige scenen, som er eit barne- og ungdomsteater. DMS er eigd med like store delar av NU, BUL Oslo og Det Norske Teatret.

### *Det Norske Teatret*
Noregs Ungdomslag er ein av luteigarane til Det Norske Teatret. Viktige samarbeidssaker er Den Mangfaldige Scenen. Teatret har eit målpolitisk råd som skal gje råd om målbruken ved teatret og andre kulturpolitiske emne som rådet sjølv tek opp.

### *Musikk og Ungdom*
Noregs Ungdomslag gjekk inn i ein samarbeidsavtale med Musikk og Ungdom i 2007. Nettverket skal synleggjere verksemd for og med unge innanfor musikkområdet i Noreg og utlandet, vere ein portal for ungdom si musikkdeltaking i inn- og utland samt vere ein samhandlingsplattform for verksemd og tiltak for unge innanfor musikkområdet

### *Noregs Mållag*
Noregs Mållag arbeider for å styrkja nynorsk som bruksspråk og å tryggja den reelle retten til å vera nynorskbrukar. Mållaget har lenge satsa mykje på skulemål og offentleg målbruk. Noregs Mållag vart skipa i 1906 og har nær 10 300 medlemer fordelt i 19 fylkeslag og nær 200 lokallag.

### *Norsk Barneblad*
Norsk Barneblad er ei sjølveigande stifting skipa av Bondeungdomslaget i Oslo, Noregs Mållag, Norsk Måldyrkingslag og Noregs Ungdomslag. Det er også desse organisasjonane som sit i styret og rådet.

### *Nynorsk kultursentrum*
Stiftinga Nynorsk kultur-

sentrum eig og driv Ivar Aasen-tunet i Ørsta og Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Stiftinga gjennomfører eit breitt kulturprogram året rundt. Høgdepunktet er Dei nynorske festspela i Ivar Aasen-tunet i slutten av juni, ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen. Noregs Ungdomslag er ein av stiftarorganisasjonane.

### *Nynorsk pressekontor*

Nynorsk Pressekontor (NPK) har sidan starten i 1969 levert stoff på nynorsk til aviser og andre medium landet rundt. Stiftinga Nynorsk Pressekontor inngjekk i 2007 eit tett samarbeid med Norsk Telegrambyrå (NTB), som i dag står for drifta av kontoret. Stiftinga har eit styre på sju medlemer, der NU oppnemner to av medlemmene.

### *Riksscenen for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans*

Riksscenen for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans blei etablert som stifting 16. mars 2007 av Juoigiid Searvi, Landslaget for Spelemenn, Noregs Ungdomslag, Norsk Folkemusikk- og Danselag og Samspill International Music Network. Føremålet til Riksscenen er å vere ein nasjonal møteplass for aktørar innanfor sektoren og publikum.

### *Stiftinga for folkemusikk og folkedans (Sff)*

Stiftinga for folkemusikk og folkedans er ein sjølvstendig institusjon organisert som stifting. Stiftinga blir leia av eit eige styre, og har representantskapsmøtet, som fagleg samlande og rettleiande organ. Representantskapsmøtet vel Rådet, som utoverretta, samordnande og forvaltande organ. Stiftinga omfattar vidare ei utøvande verksemd, Norsk senter for folkemusikk og folkedans som er underlagt styret.

Rådet har 7 medlemer med personlege varamedlemer og sit for 4 år om gongen. Noverande råd vart oppnemnt for perioden 1. januar 2016 til 31. desember 2019. Rådet fungerer som eit fagleg sjølvstendig organ, og har ei tredelt rolle som samarbeidsorgan, sakkunnig organ og eit forvaltningsorgan.

### *Stiftinga Hilmar Alexandersen*

Stiftinga Hilmar Alexandersen er ei ideell stifting som skal vere ein arena for å fremje tradisjonskultur og kultur som næring. Stiftinga har som formål å gjennomføre ein årleg folkemusikkfestival med konsertar, kurs og andre aktivitetar knytt til tradisjonsmusikk, -song og –dans. Noregs Ungdomslag er medstiftar.

## Fonda

### *Akademifondet for norsk kulturreising*

Akademifondet gjev tilskot til tiltak innan folkeopplysning, mål og kulturarbeid. Fondsstyret legg til grunn ei vid tolking av desse omgrepa, og ser gjerne at utøvarar og andre brukarar av folkeleg kultur søkjer. Ein vil og inspirere til og auke forståinga for å samle inn, ta vare på og nytte tradisjonar innan det folkelege kulturarbeidet. NU utpeikar ein styremedlem til fondsstyret

### *Alvilde og Knut Fianes legat*

Ei testamentarisk gåve etter Alvilde og Knut Fiane der utbyttet skal gå til innkjøp av biblar og anna kristen undervisningslitteratur på nynorsk for barn. Styret i NU er styre for fondet.

### *Eufemiafondet*

Eufemiafondet er oppretta av dramatikaren Peder W. Cappelen. Føremålet med fondet er å stø teaterprosjekt i Noregs Ungdomslag som bygger på norsk kulturell grunn. I tilsegnsbrevet skreiv Cappelen at bakgrunnen for gåva er den støtta og interessa som NU har synt i høve til bruk og utvikling av ny norsk dramatikk for amatørar, og det store arbeidet organisasjonen elles gjer for å ta

vare på og føre vidare den norske kulturarven. Noregs Ungdomslag er styre for fondet. Det vart ikkje delt ut midlar i 2017 grunna låge renteinntekter.

### *Ole Bulls fond*

Ole Bulls Fond sitt føremål er å gje økonomisk støtte til yngre musikarar og skodespelarar, og til bygdeungdom under musikkopplæring. Fondet er ei samanslåing av Rasmus og Agnes Pettersons fond og tidlegare Ole Bulls Fond. NU oppnemner ein av styremedlemmane i fondet.

### *Ole Vig-fondet*

Ole Vig-prisen går til ein ungdom mellom 20 og 35 år som har gjort ein framifrå kulturell innsats i Ole Vigs ånd. Ein Ole Vig-prisvinnar må ha gjort ein meir enn vanleg god innsats innanfor folkeopplysningarbeid og/eller kunst eller kulturarbeid medrekna idrett. NU utpeikar ein styremedlem til fondsstyret. I 2017 gjekk prisen til programleiaren Leo Ajkic, som gjennom TV-serien Flukt brukte sin eigen bakgrunn som flyktning til å formidle personlege og dramatiske historier frå dei som er på flukt i Europa og Noreg.

### *Opplæringsfondet i Noregs Ungdomslag*

Føremålet med fondet er på yte tilskot/stipend til kurs og andre opplæringstiltak som kan styrke medlemer og tilsette i Noregs Ungdomslag og dei aktivitetane og det arbeidet desse utfører i organisasjonen. Styret i NU er styre for fondet, og det blir delt ut midlar kvart andre år. Det vart ikkje delt ut midlar i 2017 grunna låge renteinntekter.

### *Peer Væringsaasens nasjonalfond*

Fondet, som vart oppretta av Helge Væringsaasen til minne om sonen Peer, eig og driv Elverum Folkehøgskule. Det vert ikkje delt ut årlege stipend frå dette fondet. I statuttane for fondet skal NU og Norsk Folkehøgskulelag oppnemne kvart sitt styremedlem.



### *Stiftinga Vener av Dag og tid.*

Stiftinga Vener av dag og tid er ei omdanning av tidlegare Riksfondet for nynorsk presse. NU oppnemner to styremedlemmer til stiftinga.

### *Yttri-fondet*

Yttri-fondet vart oppretta til minne om Ivar Aasen, Aasmund Olavson Vinje, Per Sivle og Arne Garborg. Det har ikkje blitt delt ut pengar frå dette fondet på mange år.

*I 2017 gjekk Ole Vig-prisen til programleiaren Leo Ajkic, som gjennom TV-serien Flukt brukte sin eigen bakgrunn som flyktning til å formidle personlege og dramatiske historier frå dei som er på flukt i Europa og Noreg.*



FAGDAGANE I BUNAD OG FOLKEDRAKT, FAGERNES. FOTO: ANNE MARTE FØR.



# REPRESENTASJON OG EKSTERNE MØTER

### *Faste representasjonar/oppnemningar*

Fleire av styremedlemmene og dei tilsette sit i styre og råd for fleire av samarbeidsorganisasjonane til NU. Ikkje alle representasjonar er ei direkte følgje av posisjonen i Noregs Ungdomslag, men styret finn det rett å rapportere om desse tillitsverva i årsmeldinga:

| Organisasjon | Verv/posisjon | Innehavar av vervet |
|---|---|---|
| Akademifondet for norsk kulturreising | Styremedlem | Torbjørn Bergwitz Lauen |
| Den mangfaldige scenen AS | Styreleiar | Eli Ulvestad |
| Det Norske Teatret | Medlem i målpolitisk råd | Eli Ulvestad, Marit Nerås Krogsæter |
| Det Norske Teatret | Medlem i valnemnda | Endre Kleiveland |
| Frivillighet Norge | Nestleiar | Eli Ulvestad |
| Kulturalliansen | Styremedlem | Mette Vårdal |
| Nordlek | Styremedlem | Torunn Hernes Bjerkem |
| Nordlek | Medlem i Folkekultur- og danse-utskottet | Torbjørn Bergwitz Lauen |
| Nordlek | Medlem i Barne- og Ungdoms-utskottet | Tone Stabbetorp |
| Nordlek | Medlem i Folkemusikkutskottet | Nina Byttingsmyr |
| Norsk barneblad | Styremedlem | Guro Redalen |
| Norsk barneblad | Varamedlem til styret | Lisa Grav Henriksen |
| Norsk barneblad | Rådsmedlem | Marit Nerås Krogsæter |
| Norsk barneblad | Rådsmedlem | Torbjørn Bergwitz Lauen |
| Norsk barneblad | Varamedlem til rådet | Inger Johanne Ruset |
| Norsk barneblad | Varamedlem til rådet | Eli Ulvestad |
| Nynorsk kultursentrum | Rådsmedlem | Marie Nicolaisen |
| Nynorsk kultursentrum | Varamedlem til rådet | Håvard Ims |
| Nynorsk Pressekontor | Styremedlem | Nina Refseth |
| Nynorsk Pressekontor | Styremedlem | Kine Reiersen |
| Nynorsk Pressekontor | Varamedlem til styret | Endre Kleiveland |
| Nynorsk Pressekontor | Varamedlem til styret | Marie Nicolaisen |
| Ole Bulls fond | Styremedlem | Ingunn Skjelvan |
| Ole Vig-fondet | Styremedlem | Marit Nerås Krogsæter |
| Ole Vig-fondet | Varamedlem | Lars Bendik Austmo |
| Peer Væringsaasens Fond | Styremedlem | Kine Reiersen |
| Riksscenen | Styremedlem | Mette Vårdal |
| Stiftinga Vener av Dag og Tid | Styremedlem | Marit Nerås Krogsæter |
| Stiftinga Vener av Dag og Tid | Styremedlem | Torbjørn Bergwitz Lauen |
| Teateralliansen | Styremedlem | Eli Ulvestad |
| Unicornis | Styremedlem | Eli Ulvestad |

## *Eksterne møte/representasjon*

| Dato | Arrangør | Type møte | Representert av |
|---|---|---|---|
| 5. januar | Studieforbundet kultur og tradisjon | Møte om Scenerom | Ruset |
| 6.-8. januar | Studieforbundet kultur og tradisjon | Modul 1 av Scenerom | Ruset |
| 9. januar | Det Norske Teatret | Samarbeidsmøte, Den mangfaldige scenen | Ulvestad |
| 10. januar | | Minnestund for Brit Heggeli | Lauen |
| 11. januar | Kulturalliansen | Styremøte | Ulvestad |
| 11. januar | Senter for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og NU | Møte om mogleg talentutviklings-prosjekt for folkedans | Vårdal |
| 12. januar | Frivillighet Norge | Toppleiarkonferanse | Ulvestad |
| 12. januar | Scenefolk | Seminar: Kunstnerisk praksis | Ulvestad |
| 13. mars | Den mangfaldige scenen | Styremøte | Ulvestad |
| 14. mars | Kulturalliansen | Møte i valkomiteen | Kleiveland, Ulvestad |
| 14. mars | LNU | Møte om demokratikampanje | Ruset |
| 15. mars | Kulturalliansen | Styremøte | Ulvestad |
| 16. mars | Rådet for folkemusikk og folkedans | Representantskapsmøte | Ims, Theigmann, Ulvestad, Hauknes |
| 16. mars | Folkedansorganisasjonane | Samrådingsmøte | Ulvestad, Hauknes |
| 17. mars | Stiftinga Fundatum | Møte om mogleg samarbeid | Ulvestad |
| 21. mars | Kulturalliansen | Skypemøte i valkomiteen | Kleiveland, Ulvestad |
| 22.-23.mars | Frivillighet Norge | Styreseminar | Ulvestad |
| 24. mars | Sosialistisk Venstreparti | Rådslag om kultur | Ulvestad |
| 27. mars | Studieforbundet kultur og tradisjon | Styringsgruppemøte, Scenerom | Ulvestad, Ruset |
| 27. mars | Teateralliansen | Styremøte | Ulvestad, Ruset |
| 28.-31. mars, Hordaland | Noregs Ungdomslag | Besøksrunde | Ruset |
| 7. april | Frivillighet Norge | Nettverksgruppemøte, frivillige organisasjonar sine økonomiske rammevilkår | Ulvestad |
| 18. april | Studieforbundet kultur og tradisjon | Styremøte | Ulvestad, Kleiveland |
| 20. april | Det Norske Teatret | Møte i målpolitisk råd | Ulvestad |
| 23. april | Det Norske Teatret | Årsmøte | Vårdal, Lauen, Ulvestad |
| 25. april | Kulturalliansen | Årsmøte | Nilsen, Ulvestad, Ruset, Hauknes |
| 30. april, Førde | Huset i Bygda Sogn og Fjordane | Styringsgruppemøte | Ruset |
| 3. mai | Kulturdepartementet | Oppstartsmøte for kulturmelding | Ulvestad |
| 9. mai | | Gravferd for Gogo Bakke | Ulvestad |
| 9. mai | Den mangfaldige scenen AS | Styremøte | Ulvestad |
| 9. mai | Unicornis AS | Styremøte og generalforsamling | Ulvestad |
| 12. mai | Allkunne | Møte om moglege samarbeid | Ulvestad, Redalen |
| 15. mai | Frivillighet Norge | Styremøte | Ulvestad |
| 18. mai | Förbundet for nordisk vuxenupplysning | Møte med styret | Ulvestad |
| 23. mai | Studieforbundet kultur og tradisjon | Årsmøte | Ulvestad, Vårdal, Lauen, Reda-len, Nekstad, Ruset, Hauknes |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 23. mai | Studieforbundet kultur og tradisjon | Jubileumsmiddag | Ulvestad, Vårdal, Redalen, Nekstad, Ruset, Hauknes |
| 24. mai | Teateralliansen | Årsmøte | Vårdal, Ruset, Ulvestad |
| 25. mai, Falun | Nordlek | Råds- og utskottsmøte | Lauen, Hauknes, Byttingmyr, Stabbetorp, Bjerkem |
| 29. mai | Den mangfaldige scenen AS | Generalforsamling | Ulvestad, Ruset |
| 31. mai | Voksenopplæringsforbundet | Årsmøte | Ulvestad |
| 6. juni | Kulturalliansen | Styremøte | Vårdal, Ulvestad |
| 7. juni | Studieforbundet kultur og tradisjon | Styreseminar | Ulvestad, Lauen |
| 9. juni, Molde | Huset i Bygda Møre og Romsdal | Oppstartsmøte, referansegruppa | Ruset |
| 12. juni | Kulturdepartementet | Innspelsmøte for frivilligheitsmel-ding | Ulvestad |
| 12. juni | Folkemusikkarkivet i Rogaland | Møte om mogleg samarbeid | Ulvestad, Hauknes |
| 14. juni | Voksenopplæringsforbundet | Strategimøte om nytt regelverk | Lauen |
| 15. juni | Kulturdepartementet | Møte om Kulturalliansen | Ulvestad |
| 19. juni, Lillehammer | Spelhandboka.no | Samarbeidsmøte, Teateralliansen | Ulvestad |
| 21. juni | Rambøll | Møte om undersøking av scenekus-tfeltet | Ulvestad |
| 22. juni | Bunadsorganisasjonane | Møte om fagdagane | Ulvestad |
| 22. juni | Studieforbundet kultur og tradisjon | Møte om prosjektet bærekraft i bunadsnæringa | Ulvestad |
| 29.-30. juni, Hovde-bygda | Nynorsk kultursentrum | Dei Nynorske festspela | Redalen |
| 6.-9. juli | Barnlek | Representasjon, Klaksvik kommune | Lauen |
| 14.-16. august, Arendal | Arendalsuka | Ulike seminar og debattar | Ulvestad |
| 18. august | Noregs Ungdomslag | Lokallagsbesøk, UL Forsøket | Nekstad |
| 23. august | Teateralliansen | Møte om driftsstøtteregelverk | Ulvestad |
| 23. august | Kulturalliansen | Styremøte | Vårdal |
| 24. august | Stiftinga Fundatum | Møte om veivalprogram | Ulvestad |
| 26. august, Stavanger | Rogaland Ungdomslag | Styremøte | Ulvestad |
| 28.-29. august, Fagernes | Bunadsorganisasjonane | Fagdagane i bunad og folkedrakt 2017 | Hauknes |
| 5. september | Frivillighet Norge | Styremøte | Ulvestad |
| 5. september | Norsk barneblad | Styremøte | Redalen |
| 8. september | Teateralliansen | Styremøte | Ulvestad |
| 12. september | Studieforbundet kultur og tradisjon | Styremøte | Ulvestad, Lauen |
| 12. september | Teateralliansen | Møte om driftsstøtteregelverk | Ulvestad |
| 13. september | Noregs Ungdomslag | Lokallagsbesøk, Finnmark | Nilsen, Redalen |
| 14. september | Noregs Ungdomslag | Lokallagsbesøk, Finnmark | Nilsen, Redalen |
| 15. september, Vatne | Folkepedia | Premierefest, Folkepedia | Krogsæter |
| 18. september | Riksscenestiftarane | Møte om oppnemning av ny styre-leiar | Ulvestad |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 18. september | Den mangfaldige scenen | Styremøte | Ulvestad |
| 19. september | Kulturalliansen | Innspelsmøte om ny kulturmelding | Ruset, Lauen |
| 20.-22.9. Helsingfors | Förbundet for Nordisk Vuxen-upplysning | Årsmøte | Ulvestad |
| 26. september | Frivillighet Norge | Møte om ny personvernlovgjeving | Ulvestad, Redalen |
| 27. september | Teateralliansen | Møte med stortingsrepresentant Svein Harberg (H) | Ulvestad |
| 28. september | Frivillighet Norge | Appell under massemønstring om moms ved Stortinget | Ulvestad |
| 30. september Molde | Nordmøre og Romsdal UL | Hypersyskurs | Nekstad |
| 11. oktober, Ås | Noregs Ungdomslag | Lokallagsbesøk, Leikarringen Frøy | Hauknes |
| 16. oktober | Frivillighet Norge | Styremøte | Ulvestad |
| 17. oktober | Virke | Møte om aktuelle tilbod | Ulvestad |
| 17. oktober | Nynorsk kultursentrum | Møte om Vinje-jubileet 2018 | Ulvestad |
| 17. oktober, Molde | Folkepedia | Premierefest, Folkepedia | Lauen |
| 18. oktober | Nynorsk forum | Møte | Ulvestad |
| 18. oktober | Folkedansorganisasjonane | Samrådingsmøte | Ulvestad, Hauknes |
| 23. oktober | Rådet for folkemusikk og folkedans | Rådsmøte (observatør) | Ulvestad |
| 24. oktober | Teateralliansen | Styremøte | Ulvestad |
| 25. oktober | Bunadsorganisasjonane | Evalueringsmøte for fagdagane | Ulvestad |
| 25. oktober, Arendal | Aust-Agder UL | Hypersyskurs | Nekstad |
